



Torill Krogvik
Storneset 50
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/685 - 17/29695

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.10.2017

Anmodning om klypp av hekk langs kommunal veg, Storneset

Lindås kommune ved Teknisk drift – veg – har motteke fleire uromeldingar vedkomande hekker langs kommunal veg i Storneset.

Teknisk drift har registrert at hekk ved Dykker grense mot veg er plassert i siktsona til eigen avkjørsle og avkjørsle til Storneset 52. Hekken er for høg og utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs kommunal veg. Vi gjer merksam på at ein i siktsoner ikkje kan ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Krav til sikt i avkjørsler og i veg kryss er fastsett i regleverk (veglova, forskrift, vognormal), i avkjøringsløyver og i reguleringsplaner. Som grunneigar har De ansvar for at krav til sikt i avkjørsle vert stetta. Som grunneigar har også ansvar for å påse at vegetasjonen ikkje veks ut over offentleg vegareal.

Teknisk drift anmoder Dykk om å få klypt ned hekk langs kommunal veg slik at krav til sikt i avkjørsle vert stetta. Kommunen kan i enkeltvedtak pålegge grunneigar om å utføre klypp av hekk i siktsoner, i vegkryss og langs kommunal veg. I enkeltvedtaket vert det sett ei frist for utføring av arbeidet. Etter fristens utløp, kan kommunen få utført arbeid for grunneigars rekning. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr ved utføring av denne typen arbeid. Dette gir eit svært grovt resultat. Resultatet vert betre dersom De utfører arbeidet sjølv. I tilfeller der vegetasjonen utgjer ei risikofare for trafikken, kan kommunen få utført arbeid utan ytterligare varsling.

Kommunen kan i enkeltvedtak pålegge grunneigar om å klyppe, beskjære eller flytte vegetasjon som skapar hindringar som nemnt ovanfor.

Meir informasjon om hekk og trafikktryggleik finn du på kommunen sin heimeside.

<http://www.lindas.kommune.no/hekk-og-trafikktryggleik.400220.nn.html>

Vi gjer merksam på at det ligg kommunalt leidningsnett i veggrøfta. Røtene til hekken kan påføre dette leidningsnettet skader dersom røtene vert for store.



Førehandsvarsel:

Teknisk drift anser dette brev som førehandsvarsel om pålegg om klypp av vegetasjon i siktsone og langs kommunal veg. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torill Krogvik

Storneset 50 5915

HJELMÅS